



Tobias Skretting

TOR OBRESTAD

Tobias Skretting er 70 år 18. april 2006, gratulerer, Tobias! I det høvet er det greitt å kunna seia nokre ord om han, og om hans lange liv i kulturen og kulturformidlinga si teneste.

Eg vil dra fram noko av det eg oppfattar som noko av bakgrunnen for Skretting si oppvisning på den jærske scenen gjennom førti år. Det har blitt meir tydeleg, etter Skretting og Torstein Obrestad si seinaste CD-plate, det fine Lappeteppe. Plata, og alt som har følgt med kring den, har understreka Tobias Skretting si sjølvvalde rolle som entertainer, og som klovn (klovn brukt i den positive tydinga, ein komisk figur som gjennom den spontane låtten greier å uttrykka ei djupare innsikt i det sirkuset han spelar med i), og hans leikande lyst til å spela denne rolla for det heimlege publikum. Kjernen i det heile, ein kunstnar på alltid ha eit publikum, eller som han sjølv formulerer det: «Eg er ein hund etter å ha publikum». Pål i Kvernhusheia kunne ha sagt det same.

Det er klart at somme av oss har undra oss i stille stunder over hans val av rolle dei seinare åra. Skinnvesten med lommeuret, tollekniven, det gråe skjegget, den skeive framtoninga og den seige dialekttalet peikar attende til ein figur klona av Aasmund Olavsson Vinje og Paulus Hove. Dongribuksa og revyscenen drar figuren fram til det moderne tilværet, og det kvardagslege, som Skretting sjølv har via livet sitt til: «Eg kallar meg sjølv ein kvardags-filosof», seier han.

Men det er noko meir med denne rollefiguren, den fortel om ei medviten livsrolle, ein tanke som dei seinare begivenheter altså har understreka. Tobias Skretting har levt i det historiske feltet i så mange år at det har vore naturleg for han å sjå ut som ein av dei gamle der bak i tida. Og eg fell for freistinga å vera bygdapsykologisk, mindre kan ikkje gjera det.

Tobias Skretting har røter i kjende bondeslekter i Hå; dei Skretting og dei Auestad (det er der adle gridlene kjeme frå), dei Kvia og dei Njærheim. Men sjølv er han ein stasjonsunge, son av ei fattig enkja med seks barn og ein lærarfar som drog då Tobias gjekk i sitt tiande år. Den eldste broren fekk høgare utdanning, dei som kom etter måtte meir eller mindre skapa si eiga lykke ut frå egne krefter. Det har dei klart. Og medvitnet om eigen kapasitet har nok alltid vore der, eg hugsar at lærar Kåre Sandve på framhaldskulen brukte å lesa opp stilane til Tobias for oss: Det var slik gode stilar skulle vera. Klart at Tobias Skretting visste om det, og kva potensiale han hadde. I eit intervju i 1994 medgir han at aller helst ville han ha vore forskar, forfattar (ja, helst det) eller entertainer. «I bondeyrket må ein fint finna seg i å vera lik dei andre».

Men kva hadde han å strekka seg etter desse tidlege

etterkrigsåra? Han skulle ikkje gå skular, han hadde valt bondeyrket. Kven skulle han vera lik, annan enn seg sjølv? Vellykka, nokre velutdanna, stasjonsungar som Svein Inge Aarrestad, Gorm Elias Hognestad, Aarlandsbrørne, helst Eirik, Henrik Henriksen, Martha Lillegraven, Svein og Årne Skjærpe, og fleire. Blant desse gjekk den gåverike og ære-kjære ungguten.

Nå skal eg ikkje stressa dette med stasjonen for mykje, familien flytta ikkje til Nærbø frå Lode før i 1948, og då var Tobias 12 år. Han heldt seg helst i den nedre bygda. Det var ganske tidleg at mora, Margreta, som var strateg og håll i hovudet, sende Tobias til Njærheim. Sjølv var ho eldst på Kvia, og morbror Peder Okka Njærheim hadde ikkje barn. 12 år gammal vart Tobias dreng hos onkelen. Slik vart Tobias gåande der nede for ein gong å kunna overta, endå det er eit stort spørsmål om han burde ha vore bonde. Det er han sjølv som reiser det, når han i eit intervju seier det så sterkt at han ikkje likte å gå i fjaset. Og fjaset slapp han om lag 56 år gammal, etter ein hjarteoperasjon. Slapp å stå på opptak i januar eller kvista roer i november, nå kunne han som nyttilsett ved Hå kulturkontor via seg til si største politiske oppgåve: nemleg å «arbeida for å åpna augo på folk, for at dei skal sjå verdiane som ligg i kulturarven vår». Og dessutan kunne han skriva om bonden. For på Njærheim hadde han opplevd og arbeidd seg inn i ein kultur som var mykje eldre enn stasjonskulturen, hadde eit kulturelt medvit og ein eksistensiell byrgskap som ikkje gjekk attende til Jærbanen i 1878, men hadde røtene mykje lenger bak, heilt bak i det ordlause og førkristne historiske mørket.

Anna enn å knoga var det å kunna skriva om denne kulturen og dette bondelivetet i eit kvardagsleg, dialektnært og litt romantiserande språk. «Det er vel ingen som har

skrive om bondelivet på Jæren slik som eg,» uttrykker han i eit intervju i år. Det kan nok stemma det, korkje Garborg, Dahl, Line, tre Kielland-namn, Torvald Tu eller andre har skriva meir innsiktsfullt om bondelivet. Tobias Skretting har gjort det i eit språk som har blitt meir og meir presist til eldre han har vorte utan at språket har mista si poetiske kraft.

Han har skriva og skriva, snakka og snakka. I alle år hadde han farta Jæren rundt som festtalar, kåsør, prolog-skrivar og visesongar, hadde skriva i dagspressa, først og fremst gjennom ei fast spalte i Bondevennen. Lange artiklar fins det i årbøkene for Jærmuseet. Eit granskingsarbeid om Torgeir Edland hadde kome i 1989. Men etter at han pensjonerte bonden, kunne Skretting samla resten av grøda og skriva nytt. Dermed kom det ei budda med bøker: *Ljose dagar* i 1994, *Mellom frendar*, 1995, *Attemed åno* i 1996, og *Jæren syng i merg og minne* frå 1998. Dessutan er det ein del nyskrivne tekster i heftet som ligg ved i Lappetepe-CDen.

For meg viser desse bøkene til den viktigaste innsatsen Tobias Skretting har gjort for den jærskulturen. Her kjem me innanfor den rolla han valde då han skulle stå på revyscenen eller på scenen ute i samfunnslivet. Diktaren og granskaren får ord. Her talar han frå hjarta ømt, direkte, og av og til infamt. Blant dikta har me inderlege lyriske perler som *Vind i gardhol*, *Den første dagen*, *Vårvind*, eller det fine hyllingsdiktet til morbroren, *Vårdrøum*. Me har også innette satiriske dikt som *Lappetepe* og meir revyliknande ting som *Basarvise*. Her er knappe prosatekster som tar for seg bondelivet og saker som er oppe i den jærskulturen frå 1960 og framover, og minnebitar som den vakre I Himlens søde Havn. Men det er meir.

Storverket til Tobias Skretting utan samanlikning med det andre han har skriva er den forunderlege boka *Jæren*

syng i merg og minne. Boka er ei gullgruve for den som vil ha kunnskap om Jæren etter 1800. Den ytre ramma for boka utgir seg for å vera ei jærsk ordbok, der Skretting tolkar dei ord og uttrykk han har samla gjennom livet. Og herrepitter for ei frodig ordbok! Samstundes er boka ein sjølvbiografi, ei jærsk kulturhistorie, ein sosiologisk studie, ei halv diktsamling, og eit par barnebøker blant anna med tradisjonelle jærsk rim og regler. Ein meir håll forfattar, økonomisk sett, ville ha fått til seks-sju bøker av denne eine boka med full støtte av kulturfondmidlane og innkjøpte til landets bibliotek.

Jæren syng er i slekt med, og ei vidareføring av arbeidet som Theodor Dahl la ned for å visa den jærskulturen. Men Tobias Skretting er ein betre granskar enn Dahl, han hugsar betre og meir presist, og han kan så mykje meir. Han har kjærleik til den nære slekta som får ord. Dessutan har han mange og gode slåser og historier spreidde over sidene. Der Dahl blir poetisk og journalistisk, støttar seg til sitt uforliknelege grep om den jærsk replikken og blir ståande litt i stampe, der er Skretting heime i stoffet og innanfor det, forklarar samanhengane, syner dei lange historiske linjene, og viser konkret korleis dei trugne jærsk arbeidskonene og mennene har bygt denne delen av landet bit for bit. Forma ligg heilt oppunder talemålet, og dialektbruken heilt plent. Kapittel som dei om stein – menneske og steinarbeid, er beint ut meisterlege.

Jæren syng i merg og minne er ei makelaus klassisk bok som burde stå framme i kvar einaste jærsk heim og for så vidt i kva heim som helst. Det er ei bok som aldri hadde blitt utgitt på måten den er samansett på eit tradisjonelt forlag, men verket er eit heile, ei genuin framstilling av Skretting sjølv, tida og det folket han spring ut frå. Ingen

andre enn han kunne ha skapt denne boka. Kan henda kunne Ottar Rønneseth ha gjort noko som minna om det, hadde han ikkje så heilhjarta ofra seg for vitskapen.

(Ide til Tobias og Torstein: lag tonefølgje og syng dei gamle barnesongane i boka, der har de ei ny CD og beste-selgjar).

Me skal ikkje sleppa Tobias Skretting her. Me skal seia nokre ord om den viktigaste grunnen (antakeleg) til at han fekk fylkets kulturpris, ord om kulturvernaren og kulturpolitikaren. «Han kallar seg sjølv den einaste verkelege kulturpolitikaren på Jæren» står det i eit intervju frå 1994.

Denne sida av Skretting har to bein. Det eine er fokuseringa på kulturvern. «Kultur er ei skøyr, tunn hinne over menneske sitt liv på jorda,» skriv han i ein artikkel frå 1988. Derfor gjeld det å verna denne kulturen for å skapa «ei forståing av det verdifulle i kunnskap om våre eigne røter, både som basis for livet i dag og som noko som har eigenverdi», skriv han: «Eit fullverdige vellukka kulturvern-arbeid sameinar vørnad for fortida med rikdommen i vår eigen kultur og omtanke for framtida.»

I 1976 var han med i det fyrste kulturstyret i Hå og fekk vera med og leggja kulturplanane framover. Det har resultert i mange prosjekt som har blitt ståande som pålar på Jæren: Hå gamle prestegard, Grødaland bygdatun, Varhaug gamle kyrkjegard, Ogna kyrkje, Obrestad og Kvasseheim fyr, Jærmuseet. Vidare turløypene med boka om Kongevegen og prosjektet Nordsjøvegen eller tanken om å bruka landskapet, gå i det, oppleve det.

Det andre beinet i denne verksemda er Skrettings sans for drøs. I jobben, som politikar, og som eit levande menneske, har han vore innom tusen heimar, sett seg ned, drøst, higra og møtt ulike menneske. I kjølvatnet av dette

drøset, eller alle menneskemøta, var han innom politikken, endåtil innom ymse leirar. Han sat i kommunestyret i fire periodar, var ordførar i to år. Hans eigen kommentar: «Eg passa ikkje heilt til det å vera ordførar. Kompromiss er ikkje noko for meg, og det skil mykje på at eg alltid er diplomatisk.» Om dette er smålåde eller ikkje er i alle høve eit tema for tolkingar. Eg fekk hugnaden av å oppleve han under kongemøtet i 1995. Tobias hadde ei budda med talar han skulle halda, og ved innviinga av Kongesteinen på Hå begynte han på ein feil tale. Me dignitarane sto oppe på tribunen med bygdafolket i strandsteinane og kikka på. Tobias tok seg i det, begynte på ein ny tale og sa noko om at det er slike situasjonar ein som gammal ordførar må kunna meistra. Kongen fekk ein potet i halsen og tansprang bak steinen for å la låtten spruta fram, eg såg bare akslene på han. Det er slike sjeldne situasjonar, dei blir eit minne for livet.

Koss det nå er, tollekniv eller ikkje kniv, fjøs eller ikkje fjøs, Tobias Skretting kan syngja som Frank Sinatra gjorde det på slutten, I did it my way. Det var det han ville seia heile tida. På min måte. Og det er nettopp slik denne popkonfirmanten gjer det. Nyslått pensjonist og nyslått entertainer står han på scenen saman med Torstein og lar leiken og låtten rå samstundes som han veit «att döden ligg och lurar bakom trasiga koraller». Det får han attåt premie for. Det er så ein kunne bli misunneleg. Men har det ikkje blitt ein fin ring, Tobias!

Me gler oss alle som kjenner deg.

«Kultur er ei skøyr,
tunn hinne over
menneske sitt liv
på jorda»

TOBIAS SKRETTING